

Referat etter møte i FAU 19. oktober

Tid: 18-20

Stad: Personalrommet på Møhlenpris skole

Tilstades: Johannes Eidem (2.trinn), Tora Holm (2.trinn, vara), Marianne H. Hansen (4.trinn) Samantha Smith (1.trinn), Liz-Eva Tøllefsen (7. trinn), Vigleik R Mathisen (leiar) og Laila-Sofie Osland (rektor)

Meldt forfall: Chris Holm (6. trinn), Hilary Foster (5. trinn) og Azar Alsharif (3. trinn)

Sak 5/22 Godkjenning av saksliste, innkalling og referat.

Handsama under saka:

Det er viktig å informere foreldra om at det er mogleg å finne alle referata frå FAU på skulen sine heimesider.

Vedtak: Saksliste, innkalling og referat blir godkjent

Sak 6/22 LIM (LekserIdrettMat)

Prosjektmedarbeider LIM, Sandrino Arenas Birkeland orienterer.

Vedtak: FAU takkar for Birkelands presentasjon.

Sak 7/22 LIM på Møhlenpris oppveksttun

Handsama på møtet: Det er viktig å framsnakke og involvere foreldra slik at vi har eit godt tilfang av frivillige. Klassekontaktane må informere godt, slik at andre aktivitetar og kan komme til etter kvart. Det kom fram ønske om at aktivitetane blir presentert, til dømes via Vigilo.

Vedtak: FAU stiller seg bak LIM slik det blei presentert av SAB og etter innspel frå FAU under sak 7/22.

Sak 8/22 Økonomi

Handsama etter orienteringa: All informasjon ligg på Google Disk. Budsjettet for 2022 blei vedteke i januar. Burde budsjettet følgje skuleåret? Vi har ein stram økonomi og må tenke nøye gjennom kva inntektsmuligheter via kan ha. Johannes har laga liste over midlar det er mogleg å søke på. Vi tek opp økonomi som eiga vedtakssak på neste møte i november.

Vedtak: Orienteringa blei teken til etterretning.

Sak 9/22 Halloween

Liz-Eva orienterer om status og gjennomføring.

Handsama på møtet: Liz-Eva har sendt ut epost om dagens program. Frivilligsentralen har initiativet. Ønske om at arrangementet blir ein del av FAUs årshjul og stiller med frivillige til arrangementet.

Vedtak: FAU stiller seg bak Halloween slik det er beramma av Frivilligsentralen. Halloween går inn i FAUs årshjul.

Sak 10/22 Revidere årshjulet for skuleåret 22/23

Les gjennom årshjulet før møtet.
Handsama på møtet: FAU gjekk gjennom årshjulet
Vedtak: Det blei gjort endringar i årshjulet.

Sak 11/22 Revidere vedtektene

Les gjennom vedtektene før møtet.
Handsama på møtet: Det blei ikkje vurdert som naudsynt å revidere vedtektene som var nye i februar 22.
Vedtektene blei godkjende utan endringar.

Sak 12/22 Eventuelt

Første trinn blei orientert om at dei har ansvar for lysfesten. «Kokebok» ligg på Google Disk.
Kontakt Hildegunn Jørs for meir informasjon.